



## UTSKRIFT AV MØTEBOK

Behandla av			
Lindås formannskap	Saksbeh.:	Lars Johan Haukås	
Sak nr. : 133/97	Dato	: 21.08.97	
Jour. nr. : 2059/97	Mappe	056/033/001	Avgj. av FORM

### FRÅDELINGSØKNAD -BUSTADTOMT TIL ELIN J.REIGSTAD/S.WILLEMSEN REIGSTAD SVEIN OG ELLINOR - GNR. 056 BNR.033, HUNDVIN

#### Saksdokument (vedlagt):

1. Kartutsnitt 1:5000

#### Saksdokument (ikkje vedlagt):

1. Søknad om deling av grunneigedom datert datert 15.04.97
2. Kvittering for sendt nabovarsel
3. Søknad om utsleppsløyve datert 11.04.97
4. Søknad om utvida avkjørsle frå fylkesveg datert 17.04.97
5. Vedlegg til søknaden datert 11.04.97 frå Willumsen/Reigstad
6. Uttale frå jordbrukssefen i skriv datert 09.06.97

#### Saksutgreiing:

Saka skal avgjerast endeleg av formannskapet/planutvalet.

Søknaden gjeld frådeling av bustadtomt på ca. 1 daa plassert inntil Toravatnet like på vestsida av fylkesvegen Hundvin - Hundvin kai.

Vatn er tenkt tilknytt offentleg vassverk i området, medan kloakken er tenkt løyst via slamavskiljar og utslepp til sjø.

Vegtilkomsten er tenkt knytt til eksisterande landbruksavkjørsle til fylkesvegen.

Jordbrukssjefen har i skriv datert 09.07.97 sagt frå om at eigedomen ikkje lenger er å sjå på som lanbruk.

Delingssøknaden vart den 13.06.97 også oversendt Hordaland fylkeskommune, utviklingsavdelinga/kulturetaten og Fylkesmannen i Hordaland,

Miljøvernavinga til uttale, men utan at kommunen har høyrte noko der frå.

Vurdering:

I omsøkte området ligg det frå før ein del hus og hytter. Frå området rundt der m.a. også tilsig frå kirkegarden renn ut i Toravatnet. Toravatnet er ei grunnlent tjørn som først og fremst har sitt verde i utsjånaden i sommarhalvåret. Stranda på vest- og nordsida av vatnet må i dag kunna reknast som utmark med ålmen ferdselsrett. For å ta vare på hovedtrekk i landskapsbilete ved vatnet, bør huset leggjast nærare kommunevegen. Tomtegrensa bør ikkje gå ved vatnet men trekkjast 5 - 10 m opp frå vatnet for at ferdselsretten langs vatnet ikkje skal innskrenkast. Miljøkvaliteten i sjøreseipienten er etter målingar vurdert til å vera god.

Vurdering av miljøkonsekvensar:

Ingen.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

I samsvar med Plan- og bygningslova § 63 godkjenner formannskapet/planutvalet søknaden om deling av eigedom på følgjande vilkår:

1. Utvida bruk av eksisterande avkøyrse frå fylkesveg Hundvin - Hundvin kai skal vera godkjend av Hordaland vegkontor (PBL § 66 nr. 1).
2. I medhald av Plan- og bygningslova § 66.2 og lokal forskrift om utslepp frå separate avlaupsanlegg vert det gjeve løyve til avlaup gjennom ein min. 4,0 m<sup>3</sup>, 3-kamra slamavskiljar av godkjent type, før utslepp gjennom ein min. 4" tett leidning med min. 0,4 m overdekning, direkte til sjø på min. 10 m djupne, jfr. vedlagt utsleppsformular med anvisningsblad. Leidningen skal forskriftsmessig forankrast med lodd, slik at den m.a. ikkje er til skade for fiskereidskaper. Slamavskiljaren skal plasserast slik at den kan tømmast av slamsugarbil. Eigar av utsleppsløyvet er ansvarleg for evt. forureining, jfr. § 7 i Forureiningslova.

Tomta skal knytast til offentleg eller anna felles vass- og kloakksystem og evt. overvassleidning dersom dette vert lagt over eller i området. Bygningsrådet gjer merksam på at det kan verta kravd del av refusjon for anleggsutgifter til leidningar for vatn og kloakk. Storleiken på beløpet skal fastsetjast av kommunen. (PBL § 66.2)

3. Kommunen skal avgjera grensene for tomta. Tomtegrensa skal trekkjast opp får Toravatnet i ein avstand på mellom 5 - 10m slik at ferdselretten langs vatnet ikkje vert innskrenka.
4. Området er ikkje regulert. Eigar (festar) må difor vera merksam på at det seinare kan verta aktuelt med justering av grenser, vegføring m.m .

5. Samtykket gjeld også som unntak frå forbodet i plan- og bygningslova § 17-2, første ledd, mot deling og bygging innanfor 100-m- beltet ved sjøen. Vi gjer merksam på at søkjaren ikkje kan retta seg etter dette vedtaket før friluftsnemndene har teke stode til klagespørsmålet. Klagefristen er 3 veker. Evt. klage har oppsetjande verknad.
6. Deling av eigedom kan ikkje finna stad før vilkåra ovanfor er ordna. Melding vert sendt til søkjaren når saka er klar for oppmåling.

Om rett til å klaga på vedtaket, sjå vedlagte orientering (forvaltningslova § 27, tredje ledd).

---

### **SAMRØYSTES VEDTAK:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

---

Rett utskrift.

Isdalstø, den 26.08.97

---



Hildur Halland  
sekretær

Kopi til :

---

SVEIN OG ELLINOR REIGSTAD, 5150 LINDÅS  
ELIN J REIGSTAD/SVEIN WILLUMSEN, 5265 YTRE ARNA  
Statens vgevesen Hordaland, Postboks 3645, 5033 FYLLINGSDALEN  
Kommunen si VAR-avd. v/Hagesæter  
Hordaland Fylkeskommune, Fylkesfriluftsnemnda, 5020 BERGEN  
Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernadv. Postboks 106, 5001 BERGEN



**LINDÅS KOMMUNE**

TEKNISK SJEF  
5100 ISDALSTØ

TELEFON 56 35 05 55  
TELEFAX 56 35 28 00

Elin J.Reigstad/Svein Willemsen  
Peder Jebsensvei 55

5265 YTRE ARNA

Dykkar ref.,

Vår ref.  
LJH/97/2061/056/033/002

Dato: 25.09.97

**SAK 215/97 BYGGESØKNAD - BUSTAD - NYBYGG  
REIGSTAD ELIN J./SVEIN WILLEMSEN - GNR. 056 BNR.108**

Saka er handsama av bygningssjefen etter fullmakt frå rådmannen.

Saksdokument:

Søknad om byggeløyve datert 22.04.97  
kvittering for sendt n abovarsei  
kartutsnitt 1:5000  
situasjonsplan 1:500  
skriv datert 11.04.97 frå Svein Willumsen og Elin Janne Reigstad  
søknad om ansvarsrett datert 22.04.97  
vedtak i planutvalet den 21.08.97, sak 133/97 (bustadtomta godkjent frådelt)

Saksutgreiing:

Søknaden gjeld oppføring av ein bustad på tomt godkjent frådelt i planutvalet den 21.08.97 i sak 133/97.  
Kloakken er godkjent lagt til sjø via slamavskiljar til min. 10 m djupn.  
Avkjørsle frå fylkesveg 387 ved Hundvin kai er godkjent på visse vilkår av Statens vegvesen, Hordaland i skriv datert 10.09.97.  
Vatn skal tilknytast offentleg leidningsnett i området.

Vedtak:

Søknaden om byggjeløyve vert godkjend i samsvar med teikningar og utgreiingar på følgjande vilkår:

1. Bygget skal plasserast med topp grunnmur på kote 5,65.
2. Eigedomen (bygget) skal knytast til offentleg leidningsnett for vatn. I samsvar med sanitærreglementet for Lindås kommune skal søknad om tilknytning og melding om utføring sendast til teknisk kontor på særskilt skjema vedlagt turvande planar.
3. Det skal sendast inn søknad om ansvarsrett for grunn- og betongarbeida (PBL § 98).
4. Bygningssjefen gjer merksam på at vilkåra i sak 133/97 vedkomande avkjørsle frå off. veg og kloakkløysing, skal følgjast opp og at søkjaren må sjå til at dette vert ordna.

**5. BYGGJELØYVE VERT SENDT NÅR VILKÅRA I VEDTAKET ER STETTA**

Arbeidet må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gitt, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeidet er innstilt i meir enn 2 år.

Bygningssjefen godkjenner tømrrar Sven-Olav Saltnes som ansvarshavande for tømmerarbeidet (PBL § 98).

Om rett til å klaga på vedtaket, sjå vedlagte orientering (forvaltningslova § 27, tredje ledd).

  
Lars Johan Haukås  
bygningssjef

Utskrift sendt: Tømrrar Sven-Olav Saltnes, 5125 Bøvågen  
Stevnebø Trelast A/S, 5125 Bøvågen